

Fra: Arne R. Ramslien (arne.ramslien@gmail.com)

Sendt: 31.03.2017 20:50:33

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Tale Halsør

Kopi:

Emne: Miljøpris for Hordaland - forslag

Vedlegg:

Hordaland Fylkeskommune

Eg vil foreslå NMS Gjenbruk i Knarvik til Miljøpris for Hordaland.

NMS Gjenbruk har miljø som eit av sine tre hovedfokus og hovedorganisasjonen har miljøperspektiv som gjennomgåande tema i alle sine utviklingsprosjekt ute i verden.

Butikken tek mot varer frå kundar og sel dei til inntekt for NMS sitt misjons-og utviklingsarbeid.

Butikken i Knarvik har ca 50 frivillige medarbeidarar og har ei omstenibg på 1.4 mill. Det vert lagt ned arbeid tilsvarande 5 årsverk i butikken. Dei opplever stor vekst og tilgang til varer.

NMS Knarvik er ein butikk i nærmiljøet, sentral plassert langs E39 gjennom Knarvik. Ein slik butikk bidreg til at nærmiljøet og kundar vert meir medvitne på miljø og gjenbruk, noko som er viktig i eit forbuksorientert samfunn. NMS Gjenbruk vert på den måten ein viktig ambassadør for miljøet.

Butikken sorterer alt avfall og har fått svært gunstig og godt samarbeid med NGIR om levering av boss.

Vennleg helsing

Arne R. Ramslien

Knarvik